



Bulystprosjektet VAKN

– Vårt akademi for kultur og næring

Prosjektrapport 2010-2014



Målet med VAKN-prosjektet er å vidareutvikle VAKN-modellen, ein modell for kulturbasert næringsutvikling i distriktskommunar. Prosjektet skal skape bedrifter med utgangspunkt i kultur, og bruke kultur for å skape bulyst. Arbeidet spring ut frå ei fleirårig satsing på kultur, og samarbeid mellom organisasjonar, næringsliv og offentlege aktørar.

(Tildelingsbrev bulystsatsinga, 2010)

Innleiing

VAKN står for «Vårt akademi for kultur og næring» og er eit samarbeid mellom offentlege og private aktørar som Eid kommune, Eid vidaregåande skule, Malakoff Rockfestival, Nordfjord hotell, Opera Nordfjord og Nordfjordeid Næringshage. Sjølv om utgangspunktet er Eid kommune, har VAKN heile Nordfjordregionen som arbeidsfelt.

Prosjektet har hatt som mål å bidra til vekst innan kulturnæringane i Nordfjord, mellom anna gjennom å tilby rådgjeving, kurs og anna støtte som gjer at nye arbeidsplassar kjem til. Det vart rast klart at dersom ein skal utvikle kulturbasert næring må ein også sørge for utvikling innanfor kunst og kultur og i kulturnæringane. I distrikta er det ikkje klare skiljelinjer og tett samarbeid mellom offentleg, frivillig og profesjonelt kulturliv. Difor er både dei kommersielle og ikkje-kommersielle delar av kulturlivet er omfatta av prosjektet. Reiseliv, handel og opplevingsnæringane har hatt spesiell merksemd i tillegg til reine kulturnæringar og andre kreative bedrifter.

VAKN har prøvd å bygge på dei aktørane ein allereie har Nordfjord og spesielt i Eid. Erfaringar frå Eid kommune er utgangspunktet, og dette er testa ut vidare i regionen og i andre kommunar. Vi har lagt vekt på å



Operahuset Nordfjord
opna i april 2009. (Foto:
Øystein Torheim)



Malakoff Rockfestival....

stimulere til meir samarbeid på tvers av geografiske skiljelinjer, t.d. gjennom å byggje nye nettverk og leggje til rette for at aktørar som kan ha utbyte av eit samarbeid får møte kvarandre. Prosjektet har i perioden 2011-2014 tatt initiativet til 95 møter eller aktivitetar med ønske om utvikling mellom desse aktørane, til saman har det vore kring 1400 deltakarar på desse aktivitetane. Her VAKN tatt rolla som rådgjevar, initiativtakar, koordinator m.m., men ikkje gjennomførar. Dersom det ikkje har vore nok vilje tilstade har heller ikkje bedrifter eller prosjekt vert sett i gong i regi av VAKN. Vi kan hjelpe, gje råd og rettleie, men sjølv jobben må ein gjere sjølv.

I prosjektpersonen har ein avdekkat at det er eit stort behov i distrikts-Norge og Nordfjord for at nokon tek eit overordna blikk på kulturnæringer, kulturbaserte næringer og opplevingsnæringer. VAKN ser det som nødvendig å gjere ein koordinert utviklingsinnsats slik at ein unngår spreidde bedriftsetableringar som kan ende i snarlege nedleggingar.

Eid del av prosjektet har vore direkte rådgjeving mot kunstnarar, kultur næringsutvikling, gründerhjelp. Ofte ved at vi har oppsøkt dei og invitert dei inn i nettverk. Dei fleste av desse ser ikkje på seg sjølv som etablerarar eller gründerar. For desse etablerarane er det viktig at dei som rettleiar har kunnskap både om næringsutvikling og kunst og kultur-drift. Vi har sett at det er språklege og ikkje minst økonomisk/administrativ rettleiing er viktig.

Etter fire års arbeid har VAKN samla erfaringar og råd i det vi kallar VAKN-modellen. Den seier noko om kva som må vere til stades for å jobbe med kulturbasert stadsutvikling og næringsutvikling i distrikta. Samspel, kjennskap, koordinering og nettverk mellom det offentlege, frivillige og private kulturlivet er nøkkelord for gode resultat. Modellen er ikkje ein fasit, men skal fungere som eit verktøy for andre som arbeider med kultur og næring i distrikts-Norge. Den seier også noko om korleis ein kommune kan støtte opp om eldsjeler og andre idemakarar.

Kjerneområda i VAKN-prosjektet

Kjerneområde **Kultur** rettar seg både mot det ikkje-kommersielle kulturlivet i Nordfjord, og anna kulturnæring. Under dette ligg mellom anna kommunar, kulturskular, lag og organisasjonar, kulturhus, bibliotek og festivalar. Målet er å vere med og utvikle kulturlivet i Nordfjord slik at det blir skapt meir aktivitet og fleire arbeidsplassar, både i eksisterande kulturliv og gjennom nyetableringar.

Kulturkompetanse i kommunane og utvikling av VAKN-modellen ligg også under dette kjerneområdet.

Desse tiltaka er sortert under kjerneområde Kultur:

- Kurs, konferanse og opplæring
- VAKN-modellen
- Festival og arrangements Nordfjord
- Søknadskompetanse
- KulturNÆRING
- Kulturreiret
- Talent – musikkproduksjon
- Hest som næring
- Kultur og intergrering

Kjerneområde **Utdanning/Forsking** handlar om å auke kunnskap og kompetanse i kulturlivet og kulturnæringsane, og tilbyr kurs og opplæring på tvers av eksisterande strukturar og i samarbeid med desse. Målet er å utvikle eit akademi for å sikre både forsking og utdanning i framtida innan feltet kulturnæringer, opplevelingsnæringer og kulturbaserte næringer.

Desse tiltaka er sortert under kjerneområde Utdanning/ Forsking:

- Kurs, konferanse og opplæring
- VAKN-modellen
- Festival og arrangements Nordfjord
- Søknadskompetanse
- Talent – musikkproduksjon
- Historieforteljing
- VAKN i skulen
- Forsking

I kjerneområde **Næring** er kulturgründeren sentral. Kva må litt for at dei skal lukkast? Korleis kan det eksisterande virkemiddelapparatet gjere ein betre jobb? Treng denne gruppa ein anna type hjelp enn tradisjonelle gründerar. Kva med næringsetableringar initiert av lokale lag og organisasjonar? Arbeidet må rette seg mot eksisterande næringsapparat, næringshagar, vekstselskap, kulturgründerar, vidaregåande skular m.m.

Desse tiltaka er sortert under kjerneområde Næring:

- Kurs, konferanse og opplæring
- VAKN-modellen
- Festival og arrangements Nordfjord
- Søknadskompetanse
- KulturNÆRING
- Kulturreiret
- Hest som næring
- Historieforteljing

Kjerneområde **Nettverk** ønskjer å byggje nye nettverk og opprette samarbeid med eksisterande nettverk, innan kultur, næring, politikk og administrasjon. Det skal deltakast i nettverk på landsplan når dette er naudsynt, men først og fremst skal VAKN drive nettverksarbeid i Eid, Nordfjord og resten av Sogn og Fjordane. Gode møtepunkt for eksisterande kulturliv og kulturnæringsvert prioritert.

Desse tiltaka er sortert under kjerneområde Nettverk:

- Kurs, konferanse og opplæring
- VAKN-modellen
- Festival og arrangements Nordfjord
- Søknadskompetanse
- KulturNÆRING
- Kulturreiret
- Talent – musikkproduksjon
- Hest som næring
- Historieforteljing
- Kultur og intergrering



For unge, kreative gründerar er det viktig med nettverk og rådgjeving.

Slik har ein arbeidd i VAKN-prosjektet

Eid kommune fekk tildelt bulystprosjektet VAKN etter forprosjektet i 2010 på bakgrunn av den utviklinga som har vore i Eid med Opera Nordfjord, Malakoff Rockfestival og eige operahus. Ein skulle sjå nøyde på kva som var grunnen til at ein har lukkast, finne suksessfaktorar og sjå om kunnskapen kan overførast til andre prosjekt andre stader. Det har vore eit praktisk og oppsøkande prosjekt med mykje variert aktivitet.

VAKN skulle få ting til å skje utan å vere dei som gjennomførte det, og har måttta arbeide litt annleis enn andre utviklingsprosjekt. Det viktigaste har vore å vere ein aktør som koplar saman organisasjonar, miljø og personar som kan ha potensial for å skape noko nytt i kryssingspunktet mellom kultur og næring. Vi har difor gått breitt ut, og arbeidd mest med dei miljøa som har vore interessert i å delta i utviklingsarbeid. Målgruppa for prosjektet er sidan ein arbeider med både private, frivillige og offentlege aktørar, men avgrensa til kulturbasert aktivitet, næringsverksemd og arrangement.

Organisering og samarbeid med andre

Eit kommunalt aksjeselskap, VAKN AS, vart skipa våren 2011, og to prosjektmedarbeidarar tilsett. Styret i VAKN AS skulle fungere som styringsgruppe for prosjektet. Selskapet vart eigd av Eid kommune og næringslivet i Eid i fellesskap. På grunn av endringar i næringsselskapsstrukturen i Nordfjord i løpet av prosjektperioden overtok Eid kommune alle aksjane i 2012. Etter prosjektperioden har ein opna for at andre kan kjøpe seg inn.

Vi ser at vi burde hatt ei breiare styringsgruppe i prosjektet og at kulturnæringane burde vore betre representert, men dette har det blitt kompensert for ved å bruke ad hoc-grupper for dei ulike delane av handlingsplane og nettverk.

Eid kommune og Sogn og Fjordane fylkeskomme har hatt observatørplass i styret og prosjekttilsette har delteke på alle nettverkssamlingar for bulystprosjekta fylkeskommunen har arrangert og ulike kurs. Mellom anna prosessleiarutdanning og utdanning rettleiing i næringsutvikling. VAKN samarbeidde også om konferansen Vestlandsk Vidsyn 2012 på Nordfjordeid i 2012. Dette er ein regional utviklingskonferanse for Vestlandet. Samarbeidet med fylket har gitt oss gode nettverk på regional utvikling, plan og kultur, men vi ser at vi kunne hatt bruk for meir støtte innanfor næring i ein tidleg fase av prosjektet.

Eid kommune har nytta seg av kompetansen i prosjektorganisasjonen til sitt arbeid men med ulike plansaker, omdømmebygging og attraktivitet. VAKN er også med på fellessamlingar for næringsutviklingsaktørar og elles der det passar. Mykje av næringsutviklingsarbeidet skjer gjennom selskapet Nordfjord Vekst og VAKN har hatt god kontakt med Nordfjord Vekst.

Det har vore naturleg å samarbeide med andre bulystprosjekt i regionen. I tillegg til å ha nokon å ringe når det trengs har ein hatt fleire samarbeid om samlingar og tiltak. Mellom anna med Bratt moro i Songdal og festivalnettverk og alle dei andre bulystprosjekta i Stryn, Volda og Herøy om fellestiltak for bulyst i regionen. I dette samarbeidet har ein diskutert mykje kva som skal til for å styrke attraktiviteten til denne regionen som ligg på kvar si side av ei fylkesgrense.



Frå Opera Nordfjord sin konsertversjon av Turandot

Prosjektet har hatt god nytte samarbeid med Distriktsenteret. I tillegg til å hente kunnskap derifrå har vi hatt møte om aktuelle utgreningar innanfor kultur og næring. Vi hadde også lanseringsseminar for rapporten om festivalkommunar.. Denne rapporten har vore fulgt godt opp i prosjektet og erfaringane derifrå er delt. Distriktsenteret sin presentasjon av prosjektet ligg her: <http://distriktsenteret.no/2013/05/vakn-vart-akademii-for-kultur-og-naering/>

Erfaring har kontinuerleg vore delt der het har passa og i nettverkssamlingar. Vi har også presentert arbeidet der det har vore ønskt og vil halde fram med dette. Kompetansen som er bygd opp vert ført vidare i kulturnæringselskapet VAKN AS, eigd av Eid kommune.

VAKN har eit vidt nettverk som omfattar Nordfjordregionen, Sogn og Fjordane og til ei viss grad Søre Sunnmøre. Lokalt på Eid har ein eit tett nettverk i arbeidsfellesskapen "Kulturreiret" og i lag med Operahuset Nordfjord. Systematisk nettverksarbeid gjennom å skape møteplassar har verka positivt på kulturmiljøet i Eid. Gjennom slike tiltak oppnår prosjektet både å involvere og mobilisere viktige målgrupper, og dette er lett å overføre til andre kommunar.

Aktivitetar

VAKN skulle vere noko ingen andre var, og gjere noko ingen andre gjorde med mål om å utvikle kulturbasert næring og skape arbeidsplassar. Den fyrste tida gjekk med til forankring, kartlegging og planlegging før ein fekk plass ein handlingsplan, i fase to har ein gjennomført mykje aktivitetar, kurs utviklingssamtalar m.m. før erfaringane vart samla og presentert.

Arbeidsmetodane i tiltaka har variert utifrå behov, men det viktigaste er kompetansehevande tiltak og nettverksbygging. Det gjer ein ved å arrangere kurs, konferansar, workshopar og møter åleine eller i lag med andre. For andre tiltak er det nødvendig å vere initiativtakar, skape fellesskap og dra saman samarbeidspartar slik at dei kan få til noko i lag og dra nytte av kvarande. I slike fasar VAKN vore rådgjevar og fasilitator. For etablerarar, gründerar og prosjekt i startfasen er det viktig at VAKN sikrar rettleiing i eksisterande tiltaksparat og bidreg med sin spesielle kompetanse på kulturnæring og kulturbasert næring.

Kurs, konferansar og ulike møter

Gjennom å skape møteplassar, tilføre kunnskap og kompetanse og lage nettverk har vi trur ytterlegare utvikling av kulturlivet og kulturnæringane i regionen. Mykje av aktivitetene i VAKN er kurs, konferansar og ulike møter. I prosjektet har vi hittil hatt 95 aktivitetar som vi sjølv arrangerte og administrerte. Desse er fordelt på 13 kurs/ konferansar der vi sjølv hadde det faglege innhaldet og 23 der vi leigde inn eksterne. I tillegg kjem 20 reine nettverksmøte og 45 av det vi har kalla utviklingsmøte, dvs møte der vi har invitert med ulike aktørar for å arbeide med konkrete prosjekt. Talet på utviklingsmøter er nok høgare, men vi har tatt med dei viktigaste. I tillegg kjem alle dei møta der vi har vore representert som deltakarar eller innleiarar. Typiske utviklingsmøte der andre har hovudstyringa er heller ikkje med.

Rådgjeving, hjelpe og støtte

Heilt frå administrasjonen vart tilsett i 2011 har vi i tillegg til planlagde aktivitetar hatt tilbod om rådgjeving og hjelpe til enkeltpersonar. I prosjektperioden vart dette kring 100 personar fordelt på arrangement, organisasjonar, bedrifter, kunstnarar og ungdom. Av desse er 2/3 i Eid, resten Nordfjord og ein i Volda. Utvikling og styrking av eksisterande aktørar har vore like viktig som å skape nye.

Tala viser et VAKN har arbeidd med rådgjeving og kompetanseheving i grenselandet mellom, privat, frivillig og offentleg.



VAKN har rådgitt unge i kreativ utdanning. Aleksander Raftevold går i dag på LIPA i Liverpool.

Søknadshjelp

Eitt av hovudtiltaka i VAKN er å auke søknadskompetansen for alle kulturaktørar, kunstnarar, kulturnærings- og kulturbasert næring.

Vi har i tillegg til kurs i bruk av tilskotsportalen, løpende rådgjeving for dei som har bedt om hjelp til å søke støtte. Både Eid kommune, gründerar, lag- og organisasjonar og t.d. Malakoff Rockfestival har fått tilslag på søknader om støtte etter at VAKN har vore aktivt inne i søknadsprosessen. Vi ser at heilskaplege prosjektskildringar, budsjettering og økonomi er dei områda det trengs mest hjelp.

Ut frå desse erfaringane har vi utvikla ein kveldsworkshop for lag og organisasjonar der dei får arbeide med søknadsskriving og prosjektutvikling av eigne idear/ prosjekt. Fyrste workshop vart gjennomført i februar 2012 og hadde fire lag med konkrete prosjekt med. Alle Nordfjord kommunane har fått tilbod om å köyre denne workshopen, og det har kome mange nye prosjekt ut frå desse.

Arrangementsutvikling

Noko av kjernekompotansen i VAKN er arrangement og arrangementsutvikling. Det er også den delen av kulturlivet som står sterkest i regionen. Ein har eit par store arrangørar/ produsentar i Opera Nordfjord og Malakoff Rockfestival og ikkje minst har Operahuset Nordfjord gitt eit stort fagmiljø på arrangement.

VAKN har vore prosjektleiar for fleire forprosjekt på arrangementsutvikling. T.d. Havfiskefestivalen i Måløy og Fjordhest for folket – vidareutvikling av Hingsteutstillinga. Her har ein lagt erfaringar frå kultursatsingar i Eid til grunn og gjennomført forprosjekt der VAKN har trekt seg ut når hovudprosjekta går i gong. Havfiskefestivalen vart arrangert for andre gong i august 2013 og Hingsteutstillinga vart fornya i 2013 og begge desse arrangementa er i full gong med planlegging 2014.

Erfaringar frå desse forprosjekta og anna VAKN-arbeid har danna grunnlag for ein modell for arrangementsutvikling/ arrangementshandbok.



Frivilligarbeid er ein viktig ressurs i kulturnæringsane. Kunnskap om organisering og utvikling av desse er viktig når ein skal utvikle kulturnæringsane i distriktskommunar.(Foto: Øystein Torheim),

VAKN-modellen

Ei praktisk tilnærming til korleis ein kan arbeide med utvikling av kulturbasert næring og kulturnæring i distrikta.

VAKN skulle ta utgangspunkt i det ein har skapt på Eid for å skape ein modell for kulturbasert næringsutvikling. Analysar av Opera Nordfjord og Malakoff Rockfestival har vore viktige ressursar i arbeidet.

I modellen for kulturbasert næring kjem det tydeleg fram at kulturbasert næring og kulturnæring bygger på den eksisterande kulturen (i vid forstand). Desse felta heng saman, men korleis ein arbeider med utvikling på desse felta har vore svært ulik.

Næringsliv og kulturliv har ulikt språk, ulike støtteordningar, ulike mål for suksess. Ein har difor sett at kulturgründerar, kunstnarar o.l. fell mellom to stolar og ikkje kjenner seg att i det tradisjonelle næringsapparatet. Det er også typisk at sjølve bedriftsbiten er eit nødvendig onde for å få drive med det ein ønskjer og kan. Likevel er tilgang på kunnskap om økonomi, prosjektstyring, administrasjon m.m. nødvendig - om du har det sjølv/lærer det undervegs, er gift med ein økonom eller har gode rådgjevarar og godt nettverk.

I VAKN-arbeidet vart det svært raskt klart at dersom ein skal utvikle kulturbasert næring, er utvikling av kulturnæring og kulturlivet i regionen like viktig. Ein har difor arbeidd med ei veldig vid målgruppe og drive oppsøkande aktivitet.

I ei lita kommune er det heller ikkje klare skiljelinjer mellom det offentlege, det private og det frivillige kulturlivet. Gjennom arbeidet i VAKN-prosjektet vart det testa ut ulike måtar å arbeide på for å støtte opp om dei eksisterande kultur- og kulturnæringsaktørane og å støtte dei nye ideane som kom opp.



Ein kan ikkje utvikle kulturbasert næring utan samtidig å utvikle kunst, kultur og kulturnæring. I tillegg til å skape nytt er det viktig å utvikle eksisterande aktørar.

Nokre utvalde grunnprinsipp:

- Ikkje initiere noko som ikkje kan stå åleine utan VAKN.
- Bruke "næringsstilnærming" til alle prosjekt, men om nødvendig bruke andre ord.
- Jobbe med dei som vil noko.
- Kulturarbeidsplass er ein kulturarbeidsplass - like viktig om det er offentleg eller privat.
- Utvikle det vi har er like viktig som å skape nytt.
- Vise veg i eksisterande verkemiddelapparat framfor å skape nytt.
- Ein treng heiltidskulturarbeidarar for å skape utvikling



Eid vidaregåande skule greip mogelegheita då dei vart Norges einaste skule i eit operahus. Samarbeidet med Opera Nordfjord er tett og elevane får god praksis og erfaring gjennom produksjon av kulisser og rekvisittar, tekniske løysinga og sminke. I tillegg får alle elevar mogelegheit til å ta teaterfag og vere med på musical - uansett kva utdanningsprogram dei har valt (Foto: Tommy Bredesen),

Kulturutviklinga i Eid er tufta på viktige føresetnader som var i Eidasamfunnet, kulturskule og kulturarbeidarar i fulle stillingar og eit aktivt lag- og organisasjonsliv. Eldsjeler kombinert med kompetanse frå næringsliv, skule m.m. har gitt utvikling i kulturlivet. Korleis ein gjereldsjeler mogelegheit til å realisere sine tankar er viktig kunnskap å dele vidare. Utan folk som har lyst og brenn for å gjennomføre ting får vi ikkje gjort noko. Dette krev sjølvstendigheit og gjennomføringsevne. Dette har ein forsøkt å systematisere og overføre til andre.

I direkte rådgjeving er dette nokre av dei viktige erfaringar å ta med seg og ta omsyn til:

- Økonomi og administrasjon er flaskehalsen for mange.
- Kunnskap om søknadsskriving er viktig, og søknadsprosessene er god for mange prosjekt og aktivitetar. Då vert ein tvinga til å tenkje nyt og å meir heilskapleg.
- Det er viktig å velje rette ord. "Næringslivsspråket" er ei stor barriere for mange.
- Lag og organisasjonar har mykje å hente på å systematisere arbeidet litt meir og har hatt god nytte av rettleiing med utgangspunkt i næringsutvikling.
- I kulturnæringerane reknar ein seg ikkje som ein del av næringslivet, og næringstiltak treff sjeldan i denne målgruppa. Dette kan ein rette på med å systematisk knyte desse nettverka saman, men det krevst kunnskap for å få tillit.

Kommunane har ei etablert fyrstelinjeneste for etablerarar og denne fungerer ulikt frå kommune til kommune. Kulturnæringerane vert alltid veslebror i næringsutviklinga, og det tek lang tid å bli akseptert i desse miljøa. Sidan kulturnæringerane sjeldan kjenner seg heime her er det mange som kunne hatt nytte av litt rettleiing. Vi har kontakta personar direkte og ser at det er viktig med oppsökande verksemrd. Det er ikkje alle

som ser på seg sjølv som næringsdrivande. Spesielt gjeld dette unge kunstnarar i oppstartsfase. Ei mentorordning for desse er eit viktig tiltak vi ønskjer å få på plass i det vidare arbeidet.

VAKN har også fungert som fyrstelinjeteneste for alle typar kulturbaserte idear, og dette har fungert godt. Vi har nytta næringstilnærming og forretningsplanen som utgangspunkt, men nytta andre ord og format. Dette har hatt gode resultat sidan ein må tenkje gjennom alle delar av ideane/ prosjekta. For store prosjekt har vi gjennomført/ medverka til forprosjekt. Alle desse har gjort så godt grunnlagsarbeid at dei no står på eigne bein.

Eid kommunevidarefører no denne kulturfyrstelinjetenesta gjennom det vidare arbeidet i VAKN, og dette er ein modell som kan vere nyttig i fleire kommunar. Vi har også sett at ein modell liknande næringsfonda kan vere fornuftig også for kulturnæringane. Der har kommunane lite såkornmidlar/ finansiering i oppstartsfase. Det vesle som er går til etablerte lag og organisjonar og enkeltpersonar med idear når ikkje opp. For lokal-kulturen ville ei slik ordning vere eit stort løft og gje kommunane mogelegheit til lokal styring.

Den viktigaste erfaringa frå VAKN-prosjektet er verdien av nettverk og møteplassar. Det er viktig at desse inkluderer både private, offentlege og frivillige kulturaktørar. Kulturlivet i distrikta er avhengige av alle desse og vil styrke kvarandre gjennom samhandling.

For kulturlivet og kulturnæringane i Eid har VAKN hatt ei viktig koordinerande rolle. Folk har nok med seg sjølv og sin eigen kvardag og treng nokon som løftar blikket for dei av og til. VAKN har samla folk og fått dei til å snakke med kvarandre. Miljøet har blitt større og tettare. Dei som arbeider her seier at ein har både tilført profesjonalisering og løfta statusen til kulturarbeidarar. Det har vore like viktig å utvikle og bygge på det som allereie eksisterer som å skape nye ting.

Som bulystprosjekt, og utviklingsaktør har det vore viktig å ha ein fri rolle utanfor kommuneadministrasjonen. Som ein nøytral aktør har VAKN hatt mogelegheit til å trekke litt i alle kulturrådane. I tillegg har nærings- og utviklingsperspektivet vore viktig.

VAKN-modellen viser at tett samarbeid mellom det private, offentlege og frivillige kulturliver er grunnlaget for vidare utvikling og styrking av det ein har. Med næringstankegang og profesjonalisering vert det også lettare å utvikle kulturbaserte tenester. Noko av det VAKN har gjort er det ikkje betalingsevne/-vilje til. Det gjeld t.d. rettleiing av kulturgründerar, prosjektutvikling for lag og org, samordning og koordinering av dei som arbeider med kultur. Dersom ein skal lukkast vidare med dett arbeide bør ein bygge på VAKN-modellen med eit tett samspel mellom offentlege, private og frivillige aktørar.

Kulturnæringane i Eid livskraftige, men varierte og i grenseland mellom frivillig, offentleg og kommersielt. Det har skjedd veldig mykje berre dei ti-femten siste åra, og det har gitt eidarane ein ny identitet knytt til kultur og kulturarrangement. I desember 2013 fekk kommunen også May Balkøys minnepris – STATSBYGGs pris for kulturbasert stadsutvikling, og ein har tidlegare fått Kultur og næringsprisen.

Dei siste tre åra har VAKN vore ein utviklingmotor og arbeidd breitt på mange felt. Det har ført til mellom anna tettare nettverk mellom dei som arbeider med kultur, fleire nye kulturetableringar, auka status til kulturarbeidarar, profesjonalisering av lag og organisjonar, auka søknadskompetanse, meir kunnskap om samspelet mellom kultur og næring. VAKN gler seg til å arbeide vidare med dette og ikkje minst spreie kunnskapen om korleis ein kan lukkast.

Visjon, ide og målsettingar for VAKN vidare:

VAKN skal gjere det lettare å drive kulturnærings

VAKN skal vere ein utviklingsaktør for kulturlivet

VAKN skal dele kunnskap om kultur og næring

VAKN skal vere med å utvikle kulturbasert næring

VAKN skal gjere det lettare å utvikle idear, både for enkeltpersonar, bedrifter, organisasjonar og det offentlege

VAKN skal tilby tenester innanfor kulturdrift, -utvikling og -strategi



VAKN-modellen

I modellen for kulturbasert næring kjem det tydeleg fram at kulturbasert næring og kulturnærings bygger på den eksisterande kulturen. Desse felta heng saman, men korleis ein arbeider med utvikling på desse felta har vore svært ulik. Skal ein utvikle kulturbasert næring må også kulturnærings og kulturbasert næring utviklast.

Næringsliv og kulturliv har ulikt språk, ulike støtteordningar, ulike mål for suksess. Ein har difor sett at kulturgründerar, kunstnarar og lignende fell mellom to stolar og ikkje kjenner seg att i det tradisjonelle næringsapparatet. Det er også typisk at sjølvé bedriftsbiten er eit nødvendig onde for å få drive med det ein ønskjer og kan. Likevel er tilgang på kunnskap om økonomi, prosjektstyring, administrasjon m.m. nødvendig - om du har det sjølv/ lærere det undervegs, er gift med ein økonom eller har gode rådgjevarar og godt nettverk.

Dersom ein skal utvikle kulturbasert næring, er utvikling av kulturnærings og kulturlivet i regionen like viktig.

I ei lita kommune er det heller ikkje klare skiljelinjer mellom det offentlege, det private og der frivillige kulturlivet. Samhandling og koordinering på tvers av desse gir utvikling.



Svært mange har bidratt til VAKN-prosjektet. Både med pengar, men også erfaing, rådgjeving og kompetanse. Vi takkar spesielt:

Kommunal og regionaldepartementet
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Eid kommune
Eid vidaregåande skule
Operahuset Nordfjord
Malakoff Rockfestival
Opera Nordfjord
Nordfjordeid næringshage
Segel
Nordfjord Vekst
Nordfjordeid senter
Store arrangørar i Sogn og Fjordane
Kulturreiret
SteinArt
Øystein Torheim
Tommy Bredesen

...og mange fleire



Vårt akademi for kultur og
næring
Pb 47
6770 NORDFJORDEID
post@vakn.no
www.vakn.no